

Simen Halvorsen

Svar - Gründerprosjekt

Viser til e-post datert 7.januar 2018 der de presenterer eit gründerprosjekt og behovet for å søke støtte til oppstart. Dette blir rekna for å vere eit bedriftsretta initiativ og rett mottakar for ein eventuell søknad om offentlege midlar blir da kommunale næringsfond eller Innovasjon Norge.

Eg anbefalar deg om å sjå på sida til Sogn Næring som handsamar det kommunale næringsfondet i Sogndal og Leikanger kommune: <https://www.sognnaring.no/>. Minner om at kommunale næringsfond gjeld tiltak i kommunane søknaden blir retta til. Rådgjevarane i Sogn Næring kan gje deg rettleiing om kva som er aktuelle støtteordningar og kjenner også til ordningane til Innovasjon Norge. Om du er busett i ein annan kommune i Sogn og Fjordane vil det lokale næringssselskapet/kommunen gje deg tilsvarande informasjon. Ein oversikt over rådgjevarar i alle kommunar finn du på <https://www.driftig.no/nettverk-i-sogn-og-fjordane/>.

Med helsing

Ingvild Andersen
Rådgjevar*Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift*Mottakar

Simen Halvorsen